# Velkommen til Studiebarometeret for fagskulestudentar!

Takk for at du vil seie kva du meiner om studiet ditt. Svara dine kan forbetre studiekvaliteten!
Din fagskule har opplyst om at du studerer:

Klikk deg inn på undersøkinga nederst på sida

**Prosjektet sitt føremål**
Føremålet med undersøkinga er å få kunnskap om fagskulestudentane sitt syn på kvaliteten på utdanningane dei går på, og å informere studentar, studiesøkarar, media og fagskular om dette. Resultata frå undersøkinga vert publisert på www.studiebarometeret.no. Her kan gjennomsnittstal for utdanningstilbod samanliknast om mange nok studentar svarar på undersøkinga. Resultata frå undersøkinga vil også bli brukt til forskingsføremål.

**Kvifor får du spørsmål om å delta?**
Undersøkinga blir sendt til alle dei ca. 20.000 fagskulestudentane i Noreg som har studert minst eitt semester, og enkelte fagskulestudentar i første studiesemester. Opplysningane om at du er student samt indirekte personidentifiserbare opplysningar (utdanningstilbod, kjønn, alder, opptaksgrunnlag, eksamensresultat og statsborgarskap) er henta frå NSD (Norsk senter for forskingsdata) som igjen har fått opplysningane frå fagskulen du studerer på. Direkte personidentifiserbare opplysningar (e-postadresse og telefonnummer) er henta frå Difi sitt kontaktregister. I tillegg blei fødselsnummer henta inn frå begge datakjeldene, slik at det var mogleg å kople opplysningane saman. NOKUT har allereie sletta fødselsnummera.

**Kva inneber det for deg å delta?**
Å delta i undersøkinga inneber å fylle ut eit spørjeskjema. Dette tek cirka 10 minutt. Undersøkinga er frivillig. Du kan ta pause i undersøkinga og fortsette seinare; svara dine vil bli lagra. Undersøkinga blir stengd for svar 5. mai. Vi trekk ut 15 respondentar som får gåvekort frå 1000 kr til 5000 kr.

**Kven får data?**
NOKUT samarbeidar med fagskulen du går på. Fagskulen vil få tilgang til dine anonymiserte svardata, men vil ikkje få identifiserbare personopplysningar som for eksempel e-postadresse, telefonnummer, kjønn og alder.

**Ditt personvern - korleis vi oppbevarer og brukar dine opplysningar**
All informasjon som blir samla inn blir handtert konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Det vert ikkje offentleggjort data som kan identifisere den som svarer.Rambøll AS stør NOKUT i gjennomføringa og utsendinga av undersøkinga og har tilgang til e-postadresser og telefonnummer fram til undersøkinga vert stengt for svar.

Bakgrunnsinformasjon blir utlevert frå NSD til NOKUT for alle studentane, på bakgrunn av at undersøkinga er av allmenta si interesse jf. personvernforordninga art. 6 nr. 1 bokstav e og personopplysningslova § 8. Det gjeld også dei som ikkje svarar. Dette er for å undersøke om svara vi får er representative, noko som er svært viktig for å kunne tolke resultata. Det er mogleg å reservere seg mot dette ved å sende e-post til res-studiebarometeret@nokut.no. Opplysningane om deg vil då bli sletta så snart som mogleg.

**Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**
Direkte personidentifiserbare opplysningar (e-postadresse og telefonnummer) vil bli sletta av NOKUT seinast 1. oktober 2021 dersom du ikkje samtykker til at vi kan halde på desse for oppfølgingsundersøkingar fram til 31. desember 2022. Indirekte personidentifiserbare opplysningar vil bli lagra av NOKUT ut 2026 og av NSD Arkiv ut 2031, og vil vere tilgjengeleg for analyse- og forskningsføremål. Dette føreset at du samtykker til dette heilt til slutt i spørjeskjemaet. Dersom du ikkje samtykker til at svar frå spørjeskjemaet kan koplast med dine bakgrunnsdata, vil svara dine bli oppbevarte utan personopplysningar ut 2031. Datamaterialet som blir lagra ved NSD Arkiv kan bli utlevert til forskarar ved norske institusjonar for forskningsføremål, etter avtale med NSD og vurdering etter

personvernregelverket.

**Dine rettigheiter**
Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrerte om deg,
- å få retta personopplysningar om deg,
- å få sletta personopplysningar om deg,
- å få utlevert ein kopi av dine personopplysningar (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombodet eller Datatilsynet om handteringa av dine personopplysningar.

**Kva gir oss rett til å handtere opplysningar om deg?**
Vi handterer opplysningar om deg basert på ditt samtykke. På oppdrag frå NOKUT har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at handteringa av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

**Kor kan jeg finne ut meir?**
Om du har spørsmål til prosjektet, eller ønsker å nytte deg av dine rettigheiter, ta kontakt med:

- Prosjektgruppa: fagskoleundersokelsen@nokut.no
- NOKUTs personvernombod: personvernombud@nokut.no
- Personverntenesta ved NSD - Norsk senter for forskingsdata AS, på e-post (personverntjenester@nsd.no) eller telefon 55 58 21 17.

Med venleg helsing
NOKUT - Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga

## Koronapandemien: endringar i fysisk undervising hausten 2020 og våren 2021

Omtrent kor mykje av den fysiske undervisinga er erstatta med nettundervising? Fysisk undervising inkluderer også samlingar på samlingsbaserte nettutdanningar.

Kryss av for det alternativet som passar best.

- ☐ Ingenting / nesten ingenting
- ☐ Under halvparten
- ☐ Ca. halvparten
- ☐ Over halvparten
- ☐ Alt / nesten alt
- ☐ Veit ikkje / ikkje relevant

## Koronapandemien: undervising på nett

I kva grad opplever du at:

| | I liten grad (1) | (2) | (3) | (4) | I stor grad (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Dei tekniske løysingane for nettundervisinga fungerer godt | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Kvaliteten på nettundervisinga er god | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Undervisarane er flinke til å engasjere studentane i diskusjonar på nett | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Undervisarane oppfordrar studentane til å kome med innspel til forbetringar | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Du har god tilgang til fagleg relevante nettressursar, bibliotekstenester, etc. | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Du har nødvendig utstyr for å gjennomføre arbeidsoppgåvene dine (PC-utstyr, programvare, verktøy, materiale, etc.) | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Du har tilgang til lokala som du treng for å gjennomføre arbeidsoppgåvene | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

dine

## Konsekvensar av koronapandemien

Under kjem ein del påstandar om moglege konsekvensar av den pågåande koronapandemien.
Kryss av for dei påstandane som gjeld for deg:

Fleire svar mogleg.

- ☐ Eg føler meg einsam
- ☐ Nettundervising er lite motiverande
- ☐ Eg opplev det som vanskeleg å strukturere studiekvardagen
- ☐ Eg føler at eg har meir tid i kvardagen
- ☐ Det er vanskeleg å prioritere mellom jobb og studiar
- ☐ Det er vanskeleg for meg å konsentrere meg om studiane heime (f.eks. på grunn av heimeverande born, partnar med heimekontor, etc.)
- ☐ Det er lettare å konsentrere meg om studiane når det er fjernundervising
- ☐ Eg er bekymra for at kvaliteten på utdanninga ikkje er like god som den eg ville fått før koronapandemien inntraff
- ☐ Endringar i jobbmarknaden gjer meg bekymra for at utdanninga er blitt mindre relevant
- ☐ Eg trur det vil ta lengre tid å gjennomføre utdanninga mi på grunn av koronapandemien
- ☐ Koronapandemien gjer det vanskeleg for meg å gjennomføre utdanninga eg held på med
- ☐ Eg har dårlegare økonomi enn før (på grunn av f.eks. permittering / oppseiing, færre freelance-oppdrag, mindre deltidsjobbing, etc.)

## Koronapandemien: arbeids-/kontorplass

Har du tilgang på eigna stad for å jobbe med studiar?

- ☐ Ja, eg har tilgang på god arbeidsplass
- ☐ Eg har tilgang på arbeidsplass, men denne er ikkje godt eigna (pga. plassmangel, støy, dårleg ergonomi, etc.)
- ☐ Nei

## Koronapandemien: hindringar for deltaking på nett

Har nokon av følgande forhold hindra deg frå å delta på nettbasert undervising?

| | I liten/ingen grad | I nokon grad | I stor grad | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|
| Digital infrastruktur (tilgang på eiga datamaskin, dårleg nettsamband, etc.) | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Eigen digital kompetanse | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Ansvar for born / heimeskule | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Hindringar relatert til plassmangel heime (ikkje god nok arbeidsplass) | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

Her kan du gi utfyllande informasjon om korleis koronapandemien påverkar studiesituasjonen din:

# Startkompetanse og studiestart

Når du svarar på spørsmåla i resten av denne undersøkinga, ønsker vi at du tek utgangspunkt i dei samla erfaringane dine hittil i studiet ditt.

## I kva grad opplevde/opplever du at:

| | I liten grad (1) | (2) | (3) | (4) | I stor grad (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Du fekk nødvendig praktisk informasjon før oppstarten av studiet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Utdanninga byggjer vidare på den kompetansen du hadde ved studiestart | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Store delar av studiet er repetisjon av det du allerede kan | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Du fekk tidleg i studiet ei innføring i studieplanen | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Innhaldet i studiet samsvarte godt med forventningane du hadde før studiestart | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

# Undervising

## Kor einig er du i følgande påstandar:

| | Ikkje tilfreds (1) | (2) | (3) | (4) | Svært tilfreds (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Lærarane gjer undervisinga engasjerande | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Lærarane formidlar lærestoffet/pensumet på ein forståeleg måte | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Undervisinga dekker sentrale delar av studieplanen (pensum, læringsutbyte, etc.) | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Undervisinga er lagt opp til at studentane skal delta aktivt | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Eg får tilstrekkeleg mange tilbakemeldingar frå lærarane på arbeidet mitt | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Eg er nøgd med den faglege rettleiinga og diskusjonane med lærarene på studiet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Lærarane gir konstruktive tilbakemeldingar på arbeidet mitt | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

# Sosialt og fagleg læringsmiljø

Dette inkluderer også sosial og fagleg samhandling på nett (via læringsplattform, sosiale medium, diskusjonsforum etc.)

## Kor tilfreds er du med:

| | Ikkje tilfreds (1) | (2) | (3) | (4) | Svært tilfreds (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Det sosiale miljøet blant studentane på studiet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Det faglege miljøet blant studentane på studiet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Miljøet mellom studentane og lærarane på studiet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

# Organiseringa av studieprogrammet

Med "informasjon" meiner vi her informasjon du får undervegs i studiet

## Kor einig er du i følgande påstandar:

| | Ikkje tilfreds (1) | (2) | (3) | (4) | Svært tilfreds (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Nødvendig informasjon om studiet er lett tilgjengeleg | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Kvaliteteten på informasjonen om studiet er god | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Eg har fått god innføring i studieplanen for studiet/emnet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Eg har fått god innføring i læringsutbyteskildringane(LUB) for studiet/emnet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Det er god fagleg samanheng mellom emna i studiet / dei ulike delane av studiet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Eg får god informasjon om eksamen (til dømes om gjennomføring og klagemoglegheiter) | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Undervisinga blir sjeldan utsett eller avlyst | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

# Studentmedverknad

## Kor tilfreds er du med:

| | Ikkje tilfreds (1) | (2) | (3) | (4) | Svært tilfreds (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Studentane si moglegheit til å påverke innhald og opplegg i studiet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Korleis kritikk og synspunkt frå studentane blir følgt opp | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Korleis fagskulen legg til rette for medverknad gjennom studenttillitsvalde, lokalt studentråd etc. | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

# Praksis

*Praksis er ein metode for læring der ein student deltek i ordinære arbeidsoppgåver i arbeidslivet under rettleiing, for å oppnå eit bestemt læringsutbyte.*

## Er praksis ein obligatorisk del av utdanninga du går på?

☐ Ja
☐ Nei
☐ Veit ikkje

## Har det vore, eller kjem det til å bli, vesentlege avvik i praksisgjennomføringa som følge av koronapandemien?

☐ Ja
☐ Nei
☐ Veit ikkje / ikkje relevant

## Kryss av for dei avvika som gjeld for deg:

☐ Eg har fått praksisnær undervising på fagskulen i staden for på ein arbeidsplass
☐ Gjennomføringa av praksisen har blitt forskyvd i tid
☐ Gjennomføringa av praksisen har blitt avlyst
☐ Praksis blir gjennomført på eigen arbeidsplass i staden for på opprinneleg praksisstad
☐ Praksis blir gjennomført på nett i staden for fysisk
☐ Anna - vær venleg og presiser__________

## Har du gjennomført eller er du i ein obligatorisk praksisperiode organisert av fagskulen?

☐ Ja

☐ Nei

# Praksis

Har du gjennomført eller er du i praksis på din eigen arbeidsstad?

☐ Ja
☐ Nei

Kven har primært sørga for praksisplassen din?

☐ Fagskulen
☐ Arbeidsgjevar
☐ Meg sjølv

# Praksis

Kor tilfreds er du med:

| | Ikkje tilfreds (1) | (2) | (3) | (4) | Svært tilfreds (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Informasjon og tilrettelegging i forkant av praksisperioden | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Korleis du får brukt det du har lært på fagskulen i praksisperioden | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Samarbeidet og kommunikasjonen mellom praksisstad og fagskule | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Dei faglege utfordringane i praksisopplæringa | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Praksisopplæringa sin relevans for utdanninga | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Oppfølginga frå rettleiar på praksisstaden | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Oppfølginga frå lærarane på fagskulen i praksisperioden | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Korleis erfaring frå praksis blir brukt som grunnlag for diskusjon/refleksjon i undervisinga | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

# Praksis

I kva grad er du einig i følgande påstander:

| | Ikkje einig (1) | (2) | (3) | (4) | Heilt einig (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eigen arbeidsgivar legg godt til rette for praksisopplæringa mi | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Det er vanskeleg å skilje mellom praksis og min vanlege jobb | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Kvaliteten på praksisopplæringa blir svekka fordi den er på eigen arbeidsstad | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

Under kan du skrive meir om erfaringane du har med praksis:

# Relevans for arbeidslivet

Termen "arbeidsliv" dekker også sjølvstendig næringsverksemd. Det vil seie at kontakt med, eller bidrag frå, for eksempel kunstnarar som held på med freelanceverksemd er å rekne som kontakt eller bidrag frå arbeidsliv.

Kor einig er du følgande påstandar:

| | Ikkje einig (1) | (2) | (3) | (4) | Heilt einig (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eg får kompetanse som er viktig i arbeidslivet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Eg får kompetanse som gjer at eg kan gå rett ut i arbeidslivet utan ytterlegare utdanning | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Eg får god informasjon om korleis min kompetanse kan brukast i arbeidslivet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Det vert lagt godt til rette for at eg kan knytte kontaktar i arbeidslivet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Representantar for arbeidslivet bidreg på ein god måte i undervisinga, prosjektarbeid, praksis, o.l. | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| I studiet blir eg førebudd på å drive sjølvstendig næringsverksemd / freelanceverksemd | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Eg har ambisjonar om å jobbe profesjonelt med kreative fag etter endt fagskuleutdanning | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

# Relevans for arbeidslivet

Termen "arbeidsliv" dekker også sjølvstendig næringsverksemd. Det vil seie at kontakt med, eller bidrag frå, for eksempel kunstnarar som held på med freelanceverksemd er å rekne som kontakt eller bidrag frå arbeidsliv.

I kva grad opplever du at du har jamleg kontakt med representantar frå arbeidslivet gjennom utdanninga di (gjennom til dømes bidrag i undervising, prosjektarbeid, utplassering/praksis, bedriftsbesøk, etc.)

- ☐ I liten grad (1)
- ☐ (2)
- ☐ (3)
- ☐ (4)
- ☐ I stor grad (5)
- ☐ Veit ikkje / ikkje relevant

# Vurderingsformer

I kva grad meiner du at eksamenar, innleveringar og andre vurderingsformer hittil i studiet ditt:

| | I liten grad (1) | (2) | (3) | (4) | I stor grad (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Har handla om sentrale delar av lærestoffet (pensum) | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Har kravd forståing og resonnement | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Har hatt tydelege kriterium for vurdering | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Har vore tilrettelagd for bruk av digitale hjelpemiddel (der det er aktuelt) ⓘ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Har bidratt til di faglege utvikling | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

# Eige engasjement

I kva grad er du einig i dei følgande påstandane:

| | I liten grad (1) | (2) | (3) | (4) | I stor grad (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eg er motivert for studieinnsats | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Eg nyttar meg av undervisinga og dei andre organiserte læringsaktivitetane som fagskulen tilbyr | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Eg møter godt budd til undervisinga | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Eg opplever at min studieinnsats er høg | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Eg deltek aktivt i undervisinga | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

# Overordna tilfredsheit

Eg er, alt i alt, nøgd med studiet eg går på

❑ Ikkje einig (1)
❑ (2)
❑ (3)
❑ (4)
❑ Heilt einig (5)
❑ Veit ikkje / ikkje relevant

# Forventningar frå lærarane

I kva grad er du einig i dei følgande påstandane:

| | Ikkje einig (1) | (2) | (3) | (4) | Heilt einig (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eg opplever at lærarane tydeleg formidlar forventningar til meg som student | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Lærarane ventar at eg stiller førebudd til organiserte læringsaktivitetar | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Lærarane ventar at eg deltek aktivt i organiserte læringsaktivitetar | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Lærarane har høge faglege ambisjonar på vegner av meg som student | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

# Bruk av digitale verktøy

Med digitale verktøy meiner vi til dømes:

- Digitale læringsplattformer (itslearning, Fronter, Canvas, Blackboard etc.)
- Programvare (Excel, Stata, MatLab, Photoshop, anna fagspesifikk programvare etc.)
- Sosiale medium (Forum, Facebook, etc.)
- Nettbaserte verktøy og medium (YouTube, Kahoot, Google Drive, etc.)
- Videoopptak, streaming, podcast, etc.

I kva grad opplever du følgande:

| | I liten grad (1) | (2) | (3) | (4) | I stor grad (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Digitale verktøy blir brukt på ein slik måte at eg blir aktivt involvert i undervisinga | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Lærarane har nødvendig kompetanse til å bruke digitale verktøy i undervisinga | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Eg får opplæring i å bruke digitale verktøy / program | | | | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| som er relevante for fagområdet | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Bruk av digital læringsplattform fungerer godt på studiet | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

# Tidsbruk på faglege aktivitetar

Anslå kor mange timar per veke, i gjennomsnitt hittil på dette studiet (ikkje medrekna feriar), du brukar på:

Læringsaktivitetar organisert av fagskulen (inkludert all undervising og rettleiing, samt praksis viss relevant)

__________

Eigenstudiar (lese pensum, gjere oppgåver, eigenøving, delta i kollokvier og anna gruppearbeid, etc.)

__________

# Tidsbruk på ikkje-faglege aktivitetar

Anslå kor mange timar per veke, i gjennomsnitt hittil på dette studiet (ikkje medrekna feriar), du brukar på:

Betalt arbeid:

__________

Her kan du kommentere på fagleg og ikkje-fagleg tidsbruk:

# Informasjon om deg

Vi ber deg fylle inn litt meir bakgrunnsinformasjon, som kun skal brukast i NOKUTs analyser og til forsking.

Kjønn - er du:

- ❑ Kvinne
- ❑ Mann
- ❑ Anna kjønnsidentitet
- ❑ Ønskjer ikkje å svare

Erfaring frå arbeidslivet

- ❑ Eg er i arbeid innanfor same fagfelt/fagområde som studiet
- ❑ Eg har vore i arbeid innanfor same fagfelt/fagområde som studiet
- ❑ Eg er ikkje / har ikkje vore i arbeid innanfor same fagfelt/fagområde som studiet
- ❑ Veit ikkje
- ❑ Ønskjer ikkje å svare

# Tidlegare utdanning

Har du tatt anna utdanning, utover vidaregåande opplæring, før du begynte på studiet ditt?

Fleire svar mogleg

- ☐ Nei
- ☐ Ja, anna fagskuleutdanning
- ☐ Ja, utdanning på bachelorgradsnivå (inkluderer også årsstudium eller andre kortare studiar på universitet og/eller høgskular)
- ☐ Ja, mastergrad
- ☐ Ja, doktorgrad
- ☐ Ønskjer ikkje å svare

# Vidare utdanningsplanar

Planlegg du å ta anna utdanning utover fagskuleutdanninga?

Fleire svar mogleg

- ☐ Nei
- ☐ Ja, ytterlegare fagskuleutdanning
- ☐ Ja, utdanning på bachelorgradsnivå (inkluderer òg årsstudium eller andre kortare studiar på universitet og høgskular)
- ☐ Ja, mastergrad
- ☐ Ja, doktorgrad
- ☐ Veit ikkje
- ☐ Ønskjer ikkje å svare

# Kommentarar

Har du nokon ønskjer eller idear for å forbetre studiet? Eventuelle kommentarar du skriv her vil bli sendt til institusjonen din og kan bidra til utvikling av studiet ditt.

Her kan du gi tilbakemelding på korleis du synest spørjeskjemaet fungerer (vi ønskjer gjerne tilbakemeldingar på tema, spørsmålsformuleringar, lengda på undersøkinga etc.).

# Samtykke til kopling av opplysningar

For å redusere mengda spørsmål i skjemaet har vi fått ein del bakgrunnsinformasjon om deg (blant anna kjønn, alder, opptaksgrunnlag, eksamensresultat og statsborgarskap) frå din

utdanningsinstitusjon. For forskingsføremål ønsker vi å kople denne informasjonen med svara du har gitt i dette spørjeskjemaet. Desse vil bli lagra av NOKUT ut 2026 og av NSD arkiv ved NSD - Norsk senter for forskingsdata ut 2031. Datamaterialet som blir lagra ved NSD Arkiv kan bli utlevert til forskarar ved norske institusjonar for forskingsføremål, etter avtale med NSD og vurdering etter personvernregelverket. Opplysningane vil bli behandla konfidensielt og vil ikkje bli publisert på ein måte som kan identifisere enkeltpersonar. NSD - Norsk senter for forskingsdata AS har vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Eg samtykker i at opplysingane i skjemaet kan koplast med bakgrunnsdataa mine:

- ☐ Ja
- ☐ Nei

# Framtidig kontakt

NOKUT arbeider kontinuerleg for å betre spørjeskjemaet. I tillegg ønskjer vi å få større innsikt i kvifor studentane svarar slik dei gjer.

Om du er villig til å svare på nokre spørsmål til oppfølging av undersøkinga, fyll inn e-postadressa di under.

Du vil maksimalt bli kontakta av oss for to undersøkingar i løpet av 2021 og 2022 og vi vil slette e-postadressa di i løpet av 2022. Dersom du samtykker til dette, ved å oppgi e-postadressa di under, inneber det at vi i denne perioden kan kople e-postadressa di med data frå spørjeskjemaet og med indirekte identifiserande opplysningar om deg. Dette er opplysningar om alder, kjønn, opptaksgrunnlag, eksamensresultat og statsborgarskap.

Opplysningane vil bli behandla konfidensielt og vil ikkje bli publisert på ein måte som kan identifisere enkeltpersonar. Prosjektet er meldt til NSD - Norsk senter for forskingsdata AS.

E-postadresse

__________

Takk for at du har svart på undersøkinga!

Med venleg helsing,
NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga)